

Olav Thorsheim
Vassbygdvegen 484
5912 SEIM

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20. 12. 2015	
Ark saksnr	Løpnr
Saksh	Filgangskode

18.01.2016

Lindås kommune
Geodataavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Dykkar ref: 15/1426 – 16/158

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar gnr.181 bnr.11 Thorsheim

Vedlagt følger klage over avslag om retting av matrikelopplysningar for gnr.181 bnr. 11 Thorsheim for vidaresending til fylkesmannen i Hordaland for handsaming.

Helsing

Olav Thorsheim
Olav Thorsheim

Vedlegg: Klage med 5 vedlegg

Olav Thorsheim
Vassbygdvegen 484.
5912 SEIM

18.01.2016

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen.

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar gnr.181 bnr. 11 Kalvetreet av Torsheim.

Viser til søknad til Lindås kommune av 28.09.15 vedkomande omkoding i matrikkelen av bustadhus på eigedommen gnr.181 bnr.11 Kalvetreet av Torsheim.

I delegert vedtak av 05.01.2016 avslo kommunen å retta matrikkelen grunna manglande dokumentasjon på huset.

Dette er klage over Lindås kommune sitt vedtak jamfør matikkellova §46 punkt.h og forvaltningslova kapittel IV til VI

Eg vil her koma med nokre tilleggsopplysningar.

Huset var opprinneleg ein husmansplass under garden Torsheim. På jordskiftekartet over innmarka på garden Toskeim Gaardsnr.93 i Alversund herred optaget aar 1905 er huset innteikna. Det syner og kjerreveg fram til huset.

Ved dette jordskiftet vart huset og humansplassen lagt til bnr. 1 som underteikna i dag er eigar av. I 1930 åra vart huset restaurert og onkelen min -Johannes Thorsheim- flytta inn og budde der fram til ca 1960. Han oppførde hønehus og dreiv eggproduksjon med ca 200 høner.

I 1965 skilde far min Oscar Thorsheim denne parsellen frå hovudbruket. Parsellen fekk bnr.11.

Etter at onkelen min flytta frå huset har det berre sporadisk blitt nytta som bustadhus.


Då kommunen og Statens kartverk på 1980-talet registrerte bygga i kommunen for GAB registeret, vart huset registrert som bustadhus nytta som fritidsbustad.

Dette vart gjort utan at grunneigar vart tilspurd om bruken av huset.

Det er no søkt Lindås kommune om instalasjon av Biovac reinseanlegg for å stetta krava om utslepp i nedslagsområdet for Storavatnet.

Eg ber med dette om at fylkesmannen omgjer Lindås kommune sitt vedtak av 05.01.2016.

Med helsing


Olav Thorsheim

5 vedlegg